

Driv utan lovleg skule

10.02.2012



Sjuandeklassingane måtte kle på seg inne og ty inn i det varmare biblioteket for nokre veker sidan

Skulen i Uskedalen ivaretar ikkje med dagens standard elevane og dei tilsette sitt fysiske arbeidsmiljø, påpeikar FAU ved skulen. Dermed driv bygdas skule i strid med lova som slår fast at arbeidsmiljøet i verksemda skal vera fullt forsvarleg utfra ein enkeltvis og samla vurdering av faktorar i arbeidsmiljøet som kan innverka på arbeidstakarane sin fysiske og psykiske helse og velferd.

Det heiter vidare i lova at standarden for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø til einkvar tid skal utviklast og forbetraast i samsvar med utviklinga i samfunnet.

Det blir også streka under at fysiske arbeidsmiljøfaktorar som bygnings- og utstyrsmessie tilhøve, inneklima, lydtilhøve, støy, stråling og linande skal vera fullt forsvarleg utifrå omsynet til arbeidstakaranes helse, miljø, sikkerheit og velferd. FAU viser også til opplæringslova som seier at alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

FAU ved Haldis Amalie Åkra og Hildegun Hansen viser i brevet til rådmannn med gjenpart til ordføraren og andre ansvarlege til at elevar og dei tilsette i fleire høve har opplevd å koma til arbeidsrom med temperatur langt under anbefalte 19 grader, Arbeidsmiljøloven eller forskrifter inneheld ingen faste tempraturgrenser men anbefaler at det ikkje går under 19.

Situasjonen toppa seg nå i januar og det blir ekstra ille når det bles. Vinden går tvers igjennom den gamle og ikkje isolerte delen av skulen. På grunn av dei låge temperaturane må elevane sitja inne med ytterkle og det er uheldig når dei skal ut til friminutt med dei same klea. Den låge temperaturen går også ut over undervisninga som blir amputert når elevane sit og frys og ikkje klarer å koncentrera seg. Dei blir meir fokusert på kor kaldt det er enn det dei skal læra.

Inneklimaet er heller ikkje bra om våren og sommaren når sola står på. Då er det dårlig ventilasjon og lufting.

FAU minnar om dei 15 millionar som ligg i økonomiplanen og med 5 millionar i år, og 10 millionar neste år. FAU er bekymra for at renoveringa etter igjen kan bli utsett med den økonomiske stoda kommunen er inne i, FAU krev at dei ansvarlege tek det ansvaret dei har for at inneklimaet blir forbetra snarast

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen